



Det vert festivalkontor i Gamleskulen.

I fjor hadde Festidalen for første gong festivalkontoret i Gamleskulen. Det vart ein suksess med mykje besøk. Derfor vert det gjenteke under årets festival. Festivalkontoret opnar onsdag kl.14, og vil ha ope alle Festidalen-dagane til og med laurdag. Der kan ein møta opp for veksling av billetter i armband, med vergeskjema og andre gjeremål.

For ttilreisande nemner vi at Gamleskulen ligg sentralt i Uskedalen, rett ovanfor Spar-butikken. Den vil vera godt skilta med Festidalen-banner slik fotoet over viser. På festivalkontoret vil folk frå Festidalen gje svar på spørsmål gjestene har. Det er også viktig å møta her og få veksla billetter inn i armband for å unngå kø ved inngangen til konsertarenaen på Dønhaug.. Det må skje ved personleg frammøte. Det er også lurt å ordna med verjeskjema på førehand for å unngå kø. Då må begge partar, både verje og den som er under 18 år, møta opp.

På festivalkontoret vert det også salg av kule solbriller, T-skjorter, hettegensarar, sjøstøvlar, caps og handlenett. Dei lokkar også med kaffi og den sagnomsuste, årlege og verdskjende bamseklem-tevlinga. Festivalkontoret er absolutt plassen å setja seg ned, slappa av og drøsa med kjende og ukjende.

Opningstidene er:

Onsdag: 14:00 – 19:00
 Torsdag: 12:00 – 19:00
 Fredag: 11:00 – 18:00
 Laurdag: 11:00 – 16:00

Det er lurt å ordna alt med billetter, armband og verjeskjema på førehand for å unngå kø når ein skal inn på konsertarenaen på Dønhaug om ettermiddagane og kveldane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland